

## RETNINGSLINER FOR KOMPENSASJON VED OVERLAGRING AV KORN UNDER MARKNADSREGULERINGA

Vedtekne av Norske Fellekjøp 03.05.2005. Endra 13.01.2009, 21.12.2010, 10.05.2017 og 20.03.2018.

1. Ved overskott av korn kan marknadsregulator gi tilskott til overlagring av korn til ny sesong. Jfr forskrift om markedsregulering til å fremme omsetningen av jordbruksvarer § 3-1, fjerde ledd og retningslinjer for gjennomføringen av markedsreguleringen av korn, § 2-1 punkt 1.
2. Overlagring vil bli gjennomført etter tilbodskonkurranse blant aktørar som mottar prisnedskrivningstilskot på korn.
3. Invitasjon til å gi tilbod om overlagring blir sendt ut innan 20. mars med frist for bindande tilbod innan 1. april.
4. Norske Fellekjøp fastset øvre kostnadsgrense for tilbod som kan bli godkjent. Følgjande element inngår i kalkylen: Lagringskostnader, kapitalkostnader, administrasjon, forsikring. Ved anlegg uten tilknytning til produksjon av kraftfôr eller matmjøl kan i tillegg inngå ekstra kostnader med lagring og handtering. Øvre kostnadsgrense blir sett til 90 % av kalkulert kostnad.
5. Korn som skal overlagrast skal vere norsk korn innkjøpt gjennom marknadsordninga for korn.
6. Overlagra vare vil vere bunden til 15. oktober.
7. Overlagring skal skje fysisk skilt frå korn som ikkje er omfatta av godkjent tilbod om kompensasjon.
8. Overlagra korn kan i bindingstida ikkje nyttast i produksjon eller skiftast ut med nyare vare før bindingstida er over utan etter godkjenning av marknadsregulator.
9. Aktør som får tilsegn om tilskott til overlagring har det fulle ansvaret for varen i lagringsperioden.
10. Tilbod om overlagring skal omfatte
  - a. kornart<sup>1</sup>, kvalitet (mat- eller fôrkorn) og matkveiteklasse
  - b. kvantum
  - c. krav om kompensasjon
  - d. lagerstad.
  - e. metode for sikring av at overlagra korn ikkje blir brukt eller utskifta i bindingstida
11. Godkjenning av tilbod som innfrir vilkåra i punkt nr 10, vil skje i etterkant av siste sesongprognose i mai.
12. Innkomne tilbod vil vere grunnlag for marknadsregulator sitt ansvar for overskott, men endeleg kvantum kan bli korrigert for avsluttande avsetningstiltak eller korreksjon av forslag om suppleringsimport.
13. Oversikt over tilboda sine kvanta og prisar vil bli gjort offentleg kjent.
14. Ved reduksjon av overlagringskvantum etter punkt 12, vil tilbod som gir størst kostnader for marknadsreguleringa pr. tonn, bli avkorta først.
15. I tillegg til kostnad i godkjent tilbod, kan aktøren ved avslutta overlagring, dersom dette ikkje var korrigert for ved tilbodsgodkjenninga, fakturere for endring i kornpris som følgje av reduksjon i målprisar i jordbruksoppgeret eller av auka prisnedskrivning som reduserer verdien av fôrkorn i andrehandsmarknaden. Ved auka målpris eller redusert prisnedskrivning vil Norske Fellekjøp redusere kompensasjonen tilsvarande.
16. Tilskott blir utbetalt etter revisorattestert oppgåve. Frist for innsending av oppgåve er ein månad etter at bindingstida er over. Norske Fellekjøp vil normalt utbetale innan tre veker etter at dokumentasjon som gir grunnlag for godkjenning er

---

<sup>1</sup> Bygg, havre, kveite, rug, oljefrø eller erter.

motteken, dersom ikkje annan frist vert fastsett med sikte på tid til gjennomføring av nødvendig kontroll m.m.

17. Dersom overlagra kvantum i følge oppgåva frå aktøren er mindre enn kvantum godkjent av marknadsregulator, medfører det avkorting i utbetalt kompensasjon. Avkortinga tilsvarar dobbelt avtalt kompensasjon multiplisert med redusert kvantum.
18. Marknadsregulator kan kontrollere at føresetnadene i retningslinene er innfridd.
19. Ved avslutta bindingstid er overlagra vare disponibel for bruk og blir rekna som del av korntilgangen i ny kornsesong.
20. Marknadsregulator kan gjere unntak frå retningslinene dersom det medfører reduserte kostnadar for marknadsreguleringa.